

Åsrmelding for Orienteringsgruppa.

Det har vore lidt meir fart over arbeidet med orienteringa i år enn i fjor. Me har nokre intereseerte karar, men dei er også med i ski eller fri-idrett, eller begge deler. Når det har vore spørsmål om å vera med ute, kretslosp, så skulle dei vera med i fri-idrettstevling, terenglaup og liknande.

Me har likevel vore med i løp for nybyrjarar i Åsane. Der vart premi på nokre av karane våre. Elles har me hatt omlag 4 treningslaup her på øya. Eit av desse var i samband med kurd for nybyrjarar som 2 frå byen heldt. Det var Berit Moberg frå B T og Roald Bjørsvik frå Askøy Ol.

Högdepunktet for orienteringsgruppa var skiping av kretslosp på Valestrand. 126 lauparar av 134 påmelde lauparar starta løp full fôrde.

15 deltarar har vore med på eit eller fleire laup.

Formann har vore med på eit møte i byen.

Efter sommarferien har det ikkje vore halde orienteringslaup.

Midt-Mjøhde 15/11 1968.

Gustav Bø.

formann orienteringsgruppa.